

## **Sak 57/2009 Referat frå rådsmøte 3. juni 2009.**

Tilstades: Regionordførar Olav Urbø, Torstein Tveito, Anne-Nora Oma Dahle, Annveig Veum Aas, Olav Tho, Aslak Ofte, Solveig S. Abrahamsen, Kristian Torp-Hansen, Jan Sebjørnsen og sekretær Kjell Gunnar Hegggenes.

I tillegg møtte Frida Sviland frå Telemark fylkeskommune og Haldor Kaasin frå Vest-Telemark Næringsutvikling.

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

## **Sak 49/2009 Referat frå rådmøte 19. mai 2009.**

*Vedtak: Referat frå rådsmøte 19. mai 2009 vert godkjent utan merknader.*

## **Sak 50/2009 Mogleg interkommunal psykologteneste i Vest-Telemark.**

Gørild Kanstad frå interkommunal psykologteneste Kviteseid var tilstades og orienterte nærare om saken.

Det låg føre forslag om å opprette interkommunal psykologteneste som permanent ordning i Vest – Telemark. Kanstad viste til gode erfaringar frå eit 2-årig prøveprosjekt som er finansiert fram til oktober inneverande år. Det er vidare stilt 20 mill. kroner i form av stimuleringsmidlar gjennom årets statsbudsjett.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande. Saken blir sendt til rådmannsutvalet med tanke på nærare utgreiing omkring den årlege finansieringa av ei slik ordning. Det vert lagt opp til vidare handsaming på rådsmøtet i august.*

## **Sak 51/2009 Samhandlingsreformen i eit utvida perspektiv. Innspel frå NAV.**

Det låg føre notat frå Kristian Høy NAV Telemark i høve samhandlingsreformen sett i eit utvida perspektiv. Høy var imidlertid forhindra frå å møte på rådsmøtet av helsegrunnar og saken måtte såleis utsetjast.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet utset saken og vil kome attende til denne på møtet i august.*

## **Sak 52/2009 Innspel til kollektivplanen.**

I samband med arbeidet med ny kollektivtrafikkplan for Telemark skal det etter tidlegare vedtak i Rådet opprettast ei arbeidsgruppe for kollektivtrafikk i regionen. Frå regionrådsleiar låg det til møtet føre forslag om å velje representantar frå politisk og/eller administrativt hald i kommunane.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet opprettar arbeidsgruppe for kollektivtrafikk i regionen med fylgjande medlemmer: Olav Urbø Tokke, Anne-Nora Oma Dahle Nissedal, Torstein Tveito Kviteseid, Jan Myrekrok Vinje, Solveig S. Abrahamsen Seljord, Bjørn Nome Fyresdal, Bjørn Rugaas Hjarthdal. Rugaas er medlem av gruppa fram til Hjarthdal går ut av Vest-Telemarkrådet i august 2009.*

*Medlemmene av gruppa får ansvar for å spele inn aktuelle saker, finne fram naudsynte planer og annan dokumentasjon, ha kontakt med dei ulike brukargruppene og såleis vera kontaktpersonar i høve til regionrådsleiar og arbeidet i KID-gruppa i Telemark fylkeskommune.*

### **Sak 53/2009 Delvis bompengefinansiering av utbygging av E134 Haukeli – Seljestad.**

Det låg føre invitasjon frå Statens vegvesen, region Vest til å kome med høyringsuttale i samband med mogleighetsstudie gjeldande delvis bompengefinansiering av utbygging av E 134 Haukeli – Seljestad.

Høyringsinstansane vert i brevet oppmoda til å ta særleg stilling til om arbeidet med bompengge-innkreving skal halde fram, og i fall ja til dette også ta standpunkt i høve til mogleg bruk av parallellinnkreving.

Forslag til uttale der Rådet går inn for begge punkta låg som vedlegg til saken.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet sluttar seg til innhaldet i mogleighetsstudien og ber Statens vegvesen halde fram arbeidet med delvis bompengefinansiering av E134 Haukeli – Seljestad. I høve til mogleg bruk av parallellinnkreving legg regionrådet vekt på at dette reduserer finanskostnadene monaleg og tilrår derfor at ein tek i bruk parallell- og etterskotsinnkreving.*

### **Sak 54/2009 Orienteringssaker.**

#### Spelemidlane, orientering.

Fylkesidrettskonsulent Therese Lahus var tilstades i denne saken og orienterte om tildeling og bruk av spelemidlar i 2009.

Spelemidlane går til idrettsfremål, kulturfremål samt til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar. På landsbasis er det i år tildelt 1,56 mrd. kroner til idrettsfremål. Det kan søkjast midlar til ordinære idrettsanlegg, nærmiljøanlegg, mindre kostnadskrevande nærmiljøanlegg samt anlegg for friluftsliv i fjellet. Søkjarar kan vera kommunar, fylkeskommunar, idrettslag, samanslutningar under ulike forbund og foreiningar, burettslag, stiftingar og aksjeselskap etter nærare godkjenning. Små lag og organisasjonar fell i dag utanfor ordninga.

For 2009 ligg det i Telemark føre 128 søknader om midlar til ordinære anlegg og 30 søknader til nærmiljøanlegg. Det er tilrådd hhv. 26,9 mill. kroner og 2,1 mill. kroner til desse.

Fotballanlegg utgjer den største søknadssummen dette året i motsetnad til føregåande år då fleirbrukshallar og symjeanlegg var størst.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande og merker seg spesielt at samarbeidsprosjekt på tvers av kommunegrensene skal ha prioritet.*

### **Sak 55/2009 Ymse.**

Ingen saker.

### **Sak 56/2009 Møte med politimester Anne Rygh Pedersen.**

Politimester Anne Rygh Pedersen og lensmann Torodd Aase var tilstades i denne saken.

Rygh Pedersen orienterte om organiseringa og arbeidet i Telemark Politidistrikt. Distriktet er leiande i landet når det gjeld nettbruk og er såleis på facebook, har twitter-konto og eigen blogg.

Rygh Pedersen kunne opplyse at to tredjepartar av kriminaliteten skjer i Grenland.

Vidare vert mykje av vinningskriminaliteten utført av omreisande personar av både norsk og utanlandsk herkomst. Det er såleis oppretta ei felles kriminal-eining i samband med dette.

Eininga består av eit analyseteam som skal kartlegge kriminalitet både på kort og lang sikt og eit etterforskar-team som dekker heile distriktet.

Den generelle samfunnsutviklinga fører til endringsbehov også innan politiet. Det ligg såleis an til ei snarleg samanslåing av lensmannskontora i Bø og Sauherad. Det kan vidare ligge til rette for ei felles teneste - ordning for Midt- og Vest-Telemark.

Sentrale problemstillingar er organisering, antal lensmannskontor, stasjoneringstader, opningstider, tilgjenge, ressursbruk osb.

Ei eigen utfordring er å rekruttere politifolk til distrikta, då unge og nyutdanna politifolk ofte prioriterer teneste i dei mest sentrale strøka.

Når det gjeld vårt distrikt er det så langt ikkje konkrete planer om endringar, men ein vurderer likevel organiseringa av politiets tenester også her.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande og rår til at problemstillingane rundt organiseringa av polititenestene i regionen vert drøfta i kvar enkelt kommune.*

Referent: Kjell Gunnar Heggnes